



Arkivnr: 2015/11453-115

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		24.01.2018

Budsjett og informasjon om ny finansiering i 2018

Samandrag

I denne saka vert det først gjeve ei orientering om den nye finansieringsordninga for fagskulesektoren som vart etablert i 2018. Vidare vert det gjort greie for ramma til fagskuleutdanning i Hordaland, samt forslag til budsjett for Fagskolen i Hordaland. Til slutt vert det lagt fram forslag til budsjett for felleskostnader for Fagskolen i Hordaland som gjeld mellom anna marknadsføring, styrekostnader m. m. I fylkesbudsjettet for 2018 er det gjeve ei ramme på totalt kr 110,4 mill. til fagskulesektoren i Hordaland. Av dette er kr 96,3 mill. ei inntekt frå staten, medan 14 mill. er finansiert av Hordaland fylkeskommune. Av ramma på 110,4 mill. er det sett av 93,6 mill. til Fagskolen i Hordaland (ikkje inkludert helsefagskuleutdanning), i tillegg til kr 2,4 mill. til fagskuleadministrasjon og fellesutgifter.

Forslag til vedtak

1. Budsjett for Fagskolen i Hordaland vert vedteke slik det kjem fram av saka.
2. Budsjett for fellesutgifter vert vedteke slik det kjem fram av saka.

Svein Leidulf Heggeheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
sekjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Budsjett for Fagskolen i Hordaland 2018
- 2 Orientering om ny tilskotsordning 2018

Fylkesrådmannen, 11.01.2018

I denne saka vert det først gjeve ei orientering om den nye finansieringsordninga for fagskulesektoren som vart etablert i 2018. Vidare vert det gjort greie for ramma til fagskuleutdanning i Hordaland, samt forslag til budsjett for Fagskolen i Hordaland. Til slutt vert det lagt fram forslag til budsjett for felleskostnader for Fagskolen i Hordaland som gjeld mellom anna marknadsføring, styrekostnader m.m.

Ny finansieringsordning frå 2018

I samband med Meld. St. 9 (2016-2017) Fagfolk for fremtiden vart det vedteke ei ny finansieringsordning for fagskulesektoren. Før 2018 var finansieringa av fagskulane overført frå staten til fylkeskommunane under frie inntekter, i tillegg til eiga tilskotsordning til helsefagskuleutdanningane som var forvalta av Helsedirektoratet. Frå 2018 vert finansieringa gjeve som eit eige øyremerka tilskot i statsbudsjettet over kap. 240 post 60 under programkategori 07.40 Fagskoleutdanning over Kunnskapsdepartementet sitt budsjett.

Tilskotsordninga omfattar midlar får tre tidlegare finansieringskjelder for fagskuleutdanning:

- Midlar i rammetilskotet til fylkeskommunane over Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sitt budsjett.
- Midlar til fylkeskommunane til helse- og sosialfaglege utdanningar over Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) sitt budsjett, forvalta av Helsedirektoratet.
- Tilskot til 14 private fagskular over Kunnskapsdepartementet (KD) sitt budsjett.

Dei tidlegare finansieringskjeldene vert frå 2018 samla til ei felles tilskotsordning for fagskuleutdanning, og KD vil fordele tilskotet til fylkeskommunane, som vidare får ansvar for å fordele tilskotet til private og offentlege fagskular i eige fylke.

I 2018 utgjer 80 % av dei no samla finansieringskjeldene eit grunntilskot til fagskuleutdanning i det einskilde fylke. Det vil seie at Hordaland fylkeskommune får tilskot til eigne fagskular, private fagskular og éin kunstfagskule som eit samla tilskot. Dette grunntilskotet er såleis 80 % av dei tre tidlegare finansieringskjeldene som er vidareført frå 2017 med prisjustering. Tilskotet er ikkje basert på studentalet året før. I tillegg får fylkeskommunane 20 % av tilskotet som eit resultatbaserte tilskot. Det resultatbaserte tilskotet er berekna ut i frå eit gjennomsnitt av produserte fagskulepoeng i 2014, 2015 og 2016. For Fagskolen i Hordaland er det resultatbaserte tilskotet kr 18 468 000,-. I tillegg til denne tilskotsordninga har KD lyst ut tilskot til 638 nye studieplassar hausten 2018 med søknadsfrist 5. januar. Hordaland fylkeskommune har på bakgrunn av denne ordninga søkt tilskot til om lag 90 nye studieplassar hausten 2018 til både offentlege og private fagskuletilbod. Dei nye studieplassane fylkeskommunen får under denne ordninga vil verte vidareført dei neste åra og såleis inngå i grunntilskotet i 2019 og vidare så lenge fylkeskommunen opprettheld aktivitetsnivået.

Grunntilskotet til fylkeskommunane er som nemnt ikkje basert på studentalet i 2017, og er såleis heller ikkje basert på ein sats, medan det resultatbaserte tilskotet er basert på ein sats; kr. 22 932,- per 60 fagskulepoeng. Tilskot til nye studieplassar hausten 2018 er derimot basert på ein sats der det vert gjeve kr 69 000,- per student (heiltidsekvivalent) og kr 17 000,- i resultatbasert tilskot per 60 fagskulepoeng. For meir informasjon om tilskotsordninga sjå vedlegg 2.

Ramme for fagskuleutdanning i Hordaland 2018

I fylkesbudsjettet for 2018 er det gjeve ei ramme på totalt kr 110,4 mill. til fagskulesektoren i Hordaland. Av dette er kr 96,3 mill. ei inntekt frå staten, medan 14 mill. er finansiert av Hordaland fylkeskommune. Av ramma på 110,4 mill. er det sett av 93,6 mill. til Fagskolen i Hordaland (ikkje inkludert helsefagskuleutdanning), i tillegg til kr 2,4 mill. til fagskuleadministrasjon og fellesutgifter. Vidare er det sett av 6 mill. til Kunstskolen i Bergen, og kr. 8 370 000,- til helsefagskuleutdanning. Dei om lag 8 mill. er tilskot til både offentlege og private fagskular innan helsefag. Av desse midlane kan ein berekna at Fagskolen i Hordaland skal ha om lag kr 2,4 mill. til saman i grunntilskot og resultatbasert tilskot for helsefagskuleutdanning i 2018. Såleis kan ein forvente at den totale ramma til Fagskolen i Hordaland vert kr 96 mill. For

flere detaljar om budsjettet til Fagskolen i Hordaland sjå s. 42 og 52 i fylkesbudsjettet for 2018:
https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/andre-rapportar---pdf/budsjettforslag-2018_hordaland-fylkeskommune.pdf

Budsjett for Fagskolen i Hordaland 2018

Forslag til budsjett for Fagskolen i Hordaland ligg som vedlegg 1 til denne saka. Budsjettet syner fordelinga av kostnader på dei ulike utgiftspostane ved fagskulen. I tillegg syner budsjettet inntekter fra staten på kr 82 mill. samt budsjettetramma fra fylkeskommunen på ca. kr 12,6 mill. Budsjett og utgifter for helsefagskuletilboda er ikkje inkludert i dette budsjettet. Fagskulen har oversikt over inntektene i høve til helsefaga, men i samband med samanslåinga har ikkje skulen fått full oversikt over utgifter.

Fellesmidlar

Av ramma for Fagskolane i Hordaland er det for budsjettåret 2018 sett av 1,7 millionar kroner til fellesmidlar. Dette er midlar som vert nytta til mellom anna marknadsføring, styrekostnader, reiseutgifter og kostnader som før var felles for fagskulane. Etter samanslåinga til éin fagskule vil det i løpet av året verte overført oppgåver i høve til marknadsføring til Fagskolen i Hordaland. Av di det ikkje lenger er felles marknadsføring for fleire skular er det naturleg at det er Fagskolen i Hordaland som er ansvarleg for all marknadsføring. Fagskulen vil få overført midlane til marknadsføringa frå dette budsjettet. Årsaka til at administrasjonen ved opplæringsavdelinga budsjetterer for desse midlane no er at det tar litt tid å overføre dei konkrete oppgåvene, i tillegg til at det er avtalar som er oppretta i 2017 som ein må ta høgde for i 2018.

Følgjande budsjett vert føreslått for fellesmidlane i 2018:

Post	Sum
Marknadsføring	950 000
Styrekosntadar og reiseutgifter	150 000
Andre utgifter	200 000
Studentsamskipnad	150 000
Sosiale tiltak - samanslåing	50 000
Uventa utgifter	200 000
Totalt	1 700 000

Vidare følgjer ei forklaring til postane i budsjettet.

Marknadsføring

Budsjett til marknadsføring går mellom anna til annonsering i sosiale media, visning av reklamefilm, deltaking på utdanningsmesse i Grieghallen m.m. Under er ei detaljert oversikt over planlagde aktivitetar innan marknadsføring i høve til føreslått budsjett.

Marknadsføring 2018	Sum
Sosiale media	300 000
Kursing - marknadsføring	30 000
Anna annonsering	25 000
Anna web-annonsering	25 000
Ny film	300 000
Utdanningsmesse	70 000
Filmvisning capa	200 000
Sum	950 000

I høve til ny film som står oppført i budsjettet for marknadsføring, skulle denne ha vore laga i 2017, men på grunn av forseinkingar vert den ikkje produsert før i 2018, og kostnadene til filmen vert difor ført opp i budsjettet for 2018.

Styrekostnader

Denne posten skal dekkje utgifter til møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for styremedlemmane ved styremøta og annan representasjon. I tillegg skal posten dekkje reiseutgifter og konferansar for styret og administrasjonen ved opplæringsavdelinga i samband med føremål knytt til fagskulen som skuleeigar.

Andre utgifter

Posten Andre utgifter skal dekkje kostnader knytt til fellesutgifter som til dømes medlemskap i Råd for offentlige fagskoler (RFF), nasjonal fagskulekoordinator og Nasjonalt opptakskontor for fagskulen.

Studentsamskipnad

Ein kan rekne med at Fagskulen i Hordaland vil kunne verte medlem av studentsamskipnaden i løpet av 2018, og administrasjonen ved opplæringsavdelinga vil derfor føreslå at det vert sett av kr. 150 000,- som eit bidrag til dei kostnadene eit medlemskap vil påføre skulen.

Sosiale tiltak – samanslåing

I samband med samanslåinga av Hordaland helsefagskole og Fagskulen i Hordaland vert det føreslått å sette av kr. 50 000,- til sosiale tiltak. Dette vart også gjort ved samanslåinga av Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole, og fagskulen nyttar midlane til ei heildagssamling i Austevoll med både fagleg og sosialt innhald.

Uventa utgifter

Denne posten skal dekkje eventuelle uventa utgifter som kan oppstå i løpet av budsjettåret eller nye aktivitetar som ikkje har vore planlagt tidlegare.